

AVTALE

om felles kulturskule

mellom

Sogndal kommune

og

Luster kommune



1. Bakgrunn

Våren 2005 var det gjort vedtak om å skipa ein felles kulturskule etter vertskommunemodellen.

Skulen heiter Sogn kulturskule.

2. Avtalepartar

Denne avtala gjeld mellom:

Sogndal kommune

Luster kommune

3. Føremål

Det overordna føremålet med samarbeidet er å få gode tenester frå kulturskulen til brukarane og kommunane, med mål om større breidde og høgare kompetanse enn eigen skule i kvar kommune.

Kulturskulen skal driva kulturskule og naturleg tilknytt verksemd i høve gjeldande lovverk for kulturskular.

Undervisninga vert som hovudregel gitt i den kommunen eleven bur.

Disiplinar som krev rekruttering frå større område kan plasserast der det er mest tenleg ut frå elevgrunnlag, lokale, utstyr og lærarkrefter.

Elevane står fritt til å søka på alle tilbod til kulturskulen. Skulen har like opptaksreglar i alle deltakande kommunar.

Kulturskulen kan inngå samarbeid med andre kulturskular og drive sal av tenester.

4. Organisering

Kommunane Sogndal og Luster er deltakarar i samarbeidet.

Samarbeidet er organisert som eit vertskommunesamarbeid i samsvar med kapittel 20 i kommunelova. Sogndal kommune er vertskommune.

Sogndal kommune har som vertskommune ansvar for å utfører oppgåvene i samsvar med gjeldande lovverk.

Dei deltakande kommunane er positive til at Sogn kulturskule kan utvidast til å omfatta andre kommunar på same vilkår som er nedfelt i denne avtalen. Avtale om utviding blir lagt til som vedlegg til denne.

5. Kostnader og økonomi

Vertskommunen kjem med framlegg til budsjett med fordeling av kostnader innan 01.09 kvart år. Den årlege drifta må tilpassast eit eige budsjett som byggjer på kommunane sine budsjettvedtak.

Kvar deltakarkommune stiller tilfredsstillande øvingslokale til elevane gratis til disposisjon for kulturskuleaktivitetane.

Kommunane betaler bruttokostnadane for undervisninga av sine elevar. Grunnlaget for fordelinga av undervisningskostnader er kvar kommune sin prosentvise bruk av elevplassar og tenester pr. 01.10. Det er lik sats for elevpengar og eigendeler i dei deltakande kommunane.

Nettoutgiftene skal fordelast etter følgjande fordelingsnøkkel:

35 % av utgiftene blir delt likt mellom deltakarkommunane

65 % etter folketal pr. 01.01 året før.

Nettoutgiftene til distriktsmusikargruppa skal fordelast:
35 % av likt og 65% etter folketal pr. 01.01 året før.

Fordelinga vert gjort på bakgrunn av årlege rapportar.

Oversikt over budsjettoppstilling med kostnader, samt husleige følgjer av vedlegg til denne avtalen.

Sogndal kommune fakturerer med to à-kontorekningar og ei avrekning per år.
Vertskommunen sender ut faktura høvesvis 01.04 med forfall 01.05 og 01.08 med forfall 01.09.

Vertskommunen sender endeleg avrekning etter at rekneskapen er avslutta.

Overskot på drifta skal vertskommunen setta av til bundne driftsfond. Eit ev. underskot vert fordelt mellom kommunane etter same forhold som andre kostnader. Vertskommunen fakturerer deltakarar for deira del av underskotet.

Kostnadane vert regulert etter løns- og prisjustering i statsbudsjettet.

6. Evaluering

Avtalen skal bli evaluert ved behov etter initiativ frå ein av avtalepartane, men minst ein gong årleg. Evalueringa skal minimum omfatte korleis avtalen fungerer i forhold til behovet. Evalueringmøte skal nyttast til å definere korleis overskot på driftsfond skal nyttast.

7. Rapportering

Rapportering til kommunane skal skje i samsvar med kommunane sine årshjul og omfattar økonomiplan og budsjett, halvårsrapport m/status for drift og årsrapport.

Det vert utarbeidd eit eige årshjul for Sogn kulturskule som tek omsyn til tidsfristane i kommunen.

Kommunane skal få naudsynte rapportar frå vertskommunen for å kunne føre eige rekneskap og rapportere i Kostra.

Kommunane rapporterer vedtak som har vesentleg innverknad på drifta til vertskommunen.

Vertskommunen har ansvar for å rapportere GSI-statistikk.

8. Andre forhold

Deltakarkommunane sine særskilte plikter:

Vertskommunen har ansvaret for administrasjon, lønn til dei tilsette og innkrevjing av deltakarane sin del av utgiftene. Vertskommunen stiller kontorlokale og utstyr til rådvelde.

Kvar deltakarkommune stiller tilfredsstillande øvingslokale gratis til disposisjon for kulturskuleaktivitetane. Kulturskulen betaler leige for lokale til administrasjon.

Vertskommunen har ansvar for innkrevjing av elevpengar og eigendeler frå alle brukarar.

Distriktsmusikarane:

Sogn kulturskule skal vera vert for ei distriktsmusikargruppe i samarbeid med

fylkeskommunen i Vestland. Vertskommunen har arbeidsgjevaransvaret og inngår avtalen med fylkeskommunen.

Distriktsmusikarane skal ha sitt virke i begge deltakande kommunane.

Skulen skal prioritere vidarekomne elevar frå alle kommunane i distriktsmusikarane sin undervisningsdel.

9. Oppseiing

Kommunen kan trekke seg ut av samarbeidet med eit års varsel.

Det må varslast skriftleg til dei andre kommunane innan 31.12 for oppseiing frå 31.12 året etter.

Ved ei eventuell avslutting av samarbeidet skal verksemda sine netto eigendeler fordelast mellom kommunane i tilsvarande forhold som deltakarane har løyvd midlar til kulturskulen.

10. Tvisteløysing

Dersom det oppstår tvist om tolking og/eller praktiseringa av denne avtalen, skal tvisten først søkast løyst i minneleg form. Dersom dette ikkje fører til semje, skal tvisten løysast ved voldgift i samsvar med Lov om voldgift av 14.05.2004 nr. 25.

Avtalen er utskriven i 2 eksemplar, eit til kvar av partane.

Vedlegg:

Oversikt over budsjettoppstilling med kostnadar, samt husleige.

Luster, Sogndal, 17.06.2021

Jarle Skartun
rådmann Luster kommune

Tor-Einar Skinlo
konst. rådmann Sogndal kommune